



ULSTEIN FJERNVARME

- rein energi for rein framtid!



LOKALISERING, EIGARSKAP OG KAPITAL

Selskapet har kontor i Ulsteinvik, Ulstein kommune. Ulstein kommune eig alle aksjane i selskapet. Aksjekapitalen er kr.12,5 mill., fordelt på 12500 aksjar, kvar pålydande 1000 kroner. Kapitalen vart utvida frå 3 mill. til 12,5 mill. med innbetaling av 4 mill. i 2014 og 5,5 mill. i januar 2015. Styret meiner at årsrekneskapet gir ei rettvisande oversikt over Ulstein Fjernvarme AS sine egedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

VERKSEMDA

Selskapet er stifta i 2011, og sel fornybar energi til kundar i Ulsteinvik. Sjøen mellom Vikhylen og Lyngnesvika utanfor sentrum er kjelda for fjernvarme- og fjernkjøleanlegget som leverar fornybar energi. Det har vore bra aktivitet også i 2018 der selskapet har vore delaktig i fleire prosjekt



Vekslarhus 1 ved Sjøsidea

samstundes. Selskapet har pr. 2018 fem energisentralar i drift. ES 1 Sjøsidea, ES 3 Ulstein Arena, ES 10 Omsorgsbustader Holsekerdalen, ES 14 Bustadsameiget Holsekervegen og ES 15 Høddvoll. Totalt åtte kundeforhold på dei fem energisentralane. ES 3 Ulstein Arena har fått utvida leveranse der også Ulsteinvik ungdomsskule vart knytt på hausten 2018. Ulstein Fjernvarme tok på seg å leie prosjektet «Petterbakken» med etablering av ny gangveg til skulane. Dette var eit samarbeidsprosjekt der det skulle leggest nye fjernvarmerør, VA-anlegg, gatelys og gangveg.

Ettersom det etter kvart har blitt nokre anlegg å halde i drift får driftsoppgåver meir og meir fokus. Dette er også vesentleg for å halde systema operative. Overordna målsetting er at kundane skal ha stabil leveranse til ei kvar tid.



ULSTEIN FJERNVARME

- rein energi for rein framtid!

SPESIELLE HENDINGAR I ÅRET – RØR TIL SENTRUMSSKULANE



ES 3 – Ulstein Arena – rør og ny gangveg til Ulstein Ungdomsskule

FERDIGSTILTE ENERGISENTRALAR

ES 3 Ulstein Arena – overlevert etter innkjøring og testing.

ES 14 Bustadsameige Halsekerdalen – overlevert etter innkjøring og testing.

PERSONALTILHØVE OG MILJØ

Ulstein Fjernvarme har hatt same daglege leiar frå han starta i 2013. Styreleiar, Rådmann og Ass.Rådmann har vert sentrale og viktige støttespelarar for dagleg leiar, og har bidrege positivt til dagleg leiar sin trivsel i eit generelt hektisk arbeidsår. Etter at styret i 2016 vedtok auke i selskapets bemanning starta ny medarbeidar januar 2018. Det er sysselsett to årsverk og i tillegg noko ekstrahjelp på timebasis til enkelte vedlikehaldsoppgåver. I styret er det to kvinner og to menn. Selskapet skal på alle områder og til ei kvar tid stette krava til likestilling. Selskapet har i 2018 ikkje hatt aktivitet som representerer nokon fare for miljø, natur og omgjevnader.



ULSTEIN FJERNVARME


- rein energi for rein framtid!

UTVIKLING

Selskapet er etter kvart komen over i ei aktiv drift der fleire og fleire energisentralar og kundeforhold er etablerte. Selskapet treng ytterlegare kundeforhold og etableringar av nye energisentralar, noko det vert arbeid med dagleg. Når no ES 3 – Ulstein Arena er komen i drift, så er det grunnlag for at trenden om vaksande energisal fortsetter også i 2019. Ved hausten 2018 vart det lagt ned rør frå Ulstein Arena og fram til sentrumsskulane. I fyste omgang er Ulstein ungdomsskule knytt på, og det er venta at Ulsteinvik barneskule knytas på når det kjem nybygg. I samråd med UEKF ser ein også på om det då er mogleg å konvertert delar av eksisterande bygningsmasse ved barneskulen til vassboren fornybar energi.

Energikilder Ulsteinvik 2018


4 GWh





ULSTEIN FJERNVARME

- rein energi for rein framtid!



Utvikling energi 2017 – 2018. Kjelde: fjernkontrollen.no

FRAMTIDSUTSIKTER


Stordelen av infrastruktur er ferdig bygd ut, men her er nokre etapper og forgreininga som står att og etableres fyst ved eventuelle kundeforhold.

Energisentral 3 – Ulstein Arena var gjennom prøvedrift og vart overlevert i 2018. Elles har det vore arbeid med utgreiingar om etablering av nye energisentralar ved Alvehaugen bu- og rehabilitering senter og Quality Ulstein Hotel. Det er førebels ikkje konkrete avtaler, men det er håp om at det kan kome til avtaler om leveransar. ES 12 – Alvehaugen og ES 6 Ulstein Hotel har vorte utgreia. For å eventuelt kunne realisere desse prosjekta er det naudsynt med meir kapital til selskapet. Det er også inngått avtale med grunneigarar om å få legge ned naudsynte rør fram til Alvehaugen.

Energisentral 14 – KS4 Bustadsameiget Holvekervegen kom i drift i 2017 og det var venta at feltet vart fullt ut utbygt i 2018. Ved utgangen av året 2018 var det meste utbygd, men her sto att nokre bustadar. Det er venta at desse er overleverte i løpet av fyste halvår 2019.

Elles arbeidas det aktivt med også andre potensielle kundeforhold som ein ynskjer å få etablert.

Selskapet har også venta på at nybyggfelta i Holvekerdalen skal verte prioriterte. Rett nok har det vore mykje bygging i sentrum siste åra, men nybyggfelta er enklare å få etablert avtale om leveranse av fornybar energi. I etablerte bygg må ein gjerne vente til det kjem naudsynte reinvesteringar for at det skal passe betre med konvertering til leveranse frå Ulstein Fjernvarme.



Blå, grøn og raud utbygd, gul står att og etablerast ved eventuelle kundeavtaler Kjelde: ulsteinfjernvarme.no



ULSTEIN FJERNVARME

- rein energi for rein framtid!

SKADAR OG ULUKKER

Det er ikkje registret skadar eller ulukker verken internt eller i prosjekt der selskapet har hatt direkte deltaking eller styring. Dette verken på mannskap eller utstyr.

REKNESKAP

Rekneskapan for 2018 er sett opp med grunnlag i ein føresetnad om framleis drift, og styret stadfester med dette at denne føresetnaden er reell og tilstade. Selskapet er registrert i manntal for meirverdiavgift og AA-registeret. Honorar til styret vert betalt og bokført etterskotsvis kvart halvår. Årsresultat etter rekneskapan er for 2018 negativt med kr. -2 617 326,-. Dette samsvarar med det budsjetterte når avskrivningar takast med.

Det er innvilga støtte frå Enova til oppføring av fjernvarmeanlegget. Dette er valt å bokføre som utsett inntekt, og vert inntektsført i takt med avskrivningar av anlegga. Totalt er det teke imot kroner 6 681 974,- frå Enova.

Som venta er det nedgang i betaling av tilknytningkostnadar ettersom her i perioden ikkje har vore store bygg under etablering. Dette gjer at det vert endring i salsinntekter frå 2017 til 2018. På den positive sida har energisalet omtrent dobla seg frå 2017 til 2018. Det er venteleg at dette vil styrke seg ytterlegare når ein får heilårssal til ferdigstilte anlegg og bygg under oppføring.

Elles vises det til årsrekneskap 2018 og noter.

Ulsteinvik 29.05.2019

Erik Andreassen
styreleiar

Linn Urke Osnes
styremedlem

Roy Henning Haddal
styremedlem

Ellen Skodjevåg Bø
styremedlem

Øyvind Amdam
dagleg leiar

